

Skal halda hageforedrag

10.04.2013

Anders Totland er ein ung bladfyk frå Valen som av alle moglege tema har spesialisert seg sterkt på kjøkenhagen og neste onsdag kjem han til Uskedalen for å halda foredrag i KV-lokala (tidlegare AFA). Oppdraget kjem frå hageselskapet i Kvinnherad, og skal ein tru vermeldingane kjem han til å vera svært aktuell.

Anders bloggar intenst og kvar fredag skriv han i Sunnhordland i spalten FRÅ HAGE TIL MAGE. Og det stoppar ikkje der. I mars var han på turne i Folkeakademiet sin regi til Bømlo, Voss, Odda og Laksevåg.

Hovudtemaet hans er blomar og ugras i maten, fortel Anders som kunngjer i bloggen sin at han har fått spaden i jorda. Det er det slett ikkje alle som har.....

Biletet over av Anders i kjøkenhagen heime er imidlertid teke i fjor.

Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto: Per Egil Larsen

<http://hagetilimage.wordpress.com>.